

Rotary er «global i det lokale, lokal i det globale» - hovudtema for distriktskonferansen, 25. – 27.09.15

Datoane for distriktskonferansen har vore kjende lenge, men eg minner om dei: **25. – 27. september 2015 er det distriktskonferanse i på Scandic Sunnfjord Hotell & Spa i Førde.** Vi reknar med at dei fleste deltakarane kjem fredag kveld, og så er det konferanseprogram heile laurdag, og søndag (kombinert med distriktsmøte / årsmøte) fram til lunsj.

Meir detaljert informasjon om programmet kjem seinare, men deltakarane kan sjå fram til eit spennande program der hovudtema vil vere «**Rotary: Global i det lokale, lokal i det globale**». Interessante foredragshaldarar med bakgrunn frå Swatdalen i Pakistan og som palestinsk flyktning i Jordan vil gi oss flotte innföringar i for eksempel utdanning for jenter i utsette område, og i fredsskapande og konfliktløysande arbeid. Førde er kjent for ein internasjonal folkemusikkfestival, som Førde Rotary har ein samarbeidsavtale, og dermed er det naturleg å sjå på korleis «heile verda kjem til Førde» under festivalen kvar sommar.

Andre interessante bidrag frå inn- og utland får vi også. Men det aller viktigaste for ein slik konferanse er deltakarane. Det er derfor viktig at alle Rotaryklubbane i distrikt 2250 er godt representerte!

Og denne gongen garanterer vi at ingen vegar skal vere stengde p.g.a. snøras!

Vel møtt i Førde om to månader!

Beste Rotaryhelsing

Jostein By

DG